



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 25.02.2015

Sak nr.: 15/513-5

Internt l.nr.: 7774/15

Sak: 12/15

Tittel: Cruisestrategi for Vestlandet

Behandling:

Frå hovudutval for plan og næring låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkesutvalet sluttar seg til vedtaket i Vestlandsrådet av 27.11.14, sak 15/14, og ber om at det blir utarbeidd ein felles cruisestrategi for Vestlandet.
2. Fylkesutvalet har ikkje merknad til at AU/næringssjefkollegiet i Vestlandsrådet vert styringsgruppe for arbeidet og godkjenner endeleg mandat.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg til nytt punkt 2 i staden for punkt 2 i tilrådinga frå hovudutval for plan og næring:

AU/næringssjefskollegiet vert styringsgruppe for arbeidet og godkjenner endeleg mandat. Næringssjefskollegiet, administrative representantar frå Stavanger og Bergen i tillegg til representantar frå typiske turistkommunar med stor cruise-trafikk, utgjer den daglege styringsgruppa og rapporterer til AU ved viktige høve i arbeidet.

Avrøysting:

Punkt 1 i tilrådinga frå hovudutvalet og Høgre sitt framlegg til nytt punkt 2 vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet sluttar seg til vedtaket i Vestlandsrådet av 27.11.14, sak 15/14, og ber om at det blir utarbeidd ein felles cruisestrategi for Vestlandet.

AU/næringssjefskollegiet vert styringsgruppe for arbeidet og godkjenner endeleg mandat. Næringssjefskollegiet, administrative representantar frå Stavanger og Bergen i tillegg til representantar frå typiske turistkommunar med stor cruise-trafikk, utgjer den daglege styringsgruppa og rapporterer til AU ved viktige høve i arbeidet.